



Arkivsaknr: 2024/11591-6
Sakshandsamar: Anders Olav Dale
Avdeling: Idrett og friluftsliv

SAKSFRAMLEGG

Revidering utleigereglement - etter høyring

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Kommunestyret	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Eldreråd	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre vedtek utleigereglement for kommunale bygg og idrettsanlegg.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd.

Saka skal til innstilling i utval for næring, kultur og idrett.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Utval for næring, kultur og idrett la ut revidert utleigereglement på høyring i november.

Høyringsperioden var frå 13.11-13.12.2024. Det kom inn tre uttaler til saka. Det reviderte reglementet skal no vedtakast.

Saksopplysningar

Reglementet skildrar korleis ein kan nytta kommunen sine lokalitetar, bruksreglar, prosessar for tildeling av tid, samt retningslinjer for bruk av enkelte anleggstypar. Gjeldande reglement vart vedtatt i samband med kommunesamanslåinga i 2020.

Me har fått følgjande innspel i høyringsperioden:

Kven	Kva	Handsaming
------	-----	------------

Knarvik IL	- Gratis halleige for born og ungdom er heilt avgjerande for aktiviteten. - Det bør vere gratis halleige til organisert idrettsleg aktivitet for grupper som driv tilrettelagd idrett.	- Dette er heimla i utleigereglementet. - Gratis halleige til grupper som driv tilrettelagt aktivitet vert frå før praktisert, og er no tydeleggjort i det reviderte reglementet.
Alver idrettsråd	- Gratis halleige for born og ungdom er heilt avgjerande for aktiviteten. - Alver IR støtter Knarvik IL i punktet som gjeld gratis halleige til idrettsleg aktivitet for grupper som driv tilrettelagd idrett.	- Dette er heimla i utleigereglementet. - Gratis halleige til grupper som driv tilrettelagt aktivitet vert frå før praktisert, og er no tydeleggjort i det reviderte reglementet.
Alver kulturråd	Alver kulturråd sluttar seg til det reviderte utleigereglementet for kommunale bygg og anlegg slik det ligg føre.	

Bakgrunn

Det er behov for ei revidering av reglementet for tydeliggjering av reglar og retningslinjer utifrå tileigna erfaring, og praksis ved utleige av kommunale bygg og idrettsanlegg.

Partar

Framlegget vart sendt til uttale frå Alver idrettsråd og Alver kulturråd.

Privatpersonar, frivillige lag og organisasjonar har også vore aktuelle høyringspartar, og har hatt moglegheit til å kome med innspel i høyringsperioden.

Vurdering

Føreslegne endringar i reglementet

- 1) Forenkla dokumentstruktur, omgrepsbruk, samt tydeleggjering av generelle, og spesielle bruksreglar.
- 2) Presisering av tekst gjeldande kostnadsfri bruk til trening og kamp versus anna aktivitet og arrangement for born og ungdom til og med 19 år.
- 3) Skriftleggjering av praksis frå dei tidlegare kommunane når det kjem til kostnadsfri bruk av eigen skule til feiring av barnebursdag.
- 4) Skriftleggjering av utleigeprosess knytt til arrangement.
- 5) Presisering om at tildeling av tid føl skuleruta, og gjeld frå skuleårets start til slutt.
- 6) Tildelingsprosess som gjeld for fast tildeling av tid prioriterer tildeling av tid for organisert aktivitet for born opp til 13 år først, og så til organisert aktivitet for ungdom frå 13-19 år. Begge for grupper heimehøyrande i Alver. Desse gruppene var tidlegare samla.
- 7) Tydeleggjering av at grupper med særskilde behov har fortrinn ved fast tildeling av tid.

- 8) Endra tekst som seier noko om frist for søknad og vedtak gjeldande fast tildeling av tid.

Endringane som er gjorde er meint til å gjere det enklare å finne fram i dokumentet, og tydeleggjering av ansvar knytt til bruken. Erfaring frå utleige gjennom dei siste åra har gjort at det er behov for enkelte presiseringar, samt skrifteleggjering av allereie gjeldande praksis. Behov for å dele opp gruppa born og ungdom opp til 19 år i to er gjort med bakgrunn i erfaringar og utfordringar som er dukka opp knytt til fast tildeling av tid dei seinare åra. I praksis prioriterer me dei yngste først på ettermiddag og kveld ved tildeling av tid, men dette har ikkje vore heimla i tidlegare reglement.

Økonomiske konsekvensar

Saka omhandlar ikkje endringar som vil ha økonomisk verknad.

Miljømessige konsekvensar

Saka har ikkje miljømessige konsekvensar.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Saka har ikkje organisasjonsmessige konsekvensar.

Risiko

Der er ikkje kjend risiko ved saka.

Vurdering av særskilte grupper

Barn, ungdom og menneske med nedsett funksjonsevne er særleg prioritert i delen av reglementet som dreier seg om fast tildeling av tid, samt gratis halleige til organisert idrettsleg aktivitet.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at det reviderte utleigereglementet vert vedteken slik det ligg ved saka.

Vedlegg

- 1 Alver idrettsråd
- 2 Alver kulturråd
- 3 Knarvik IL
- 4 Utleigereglement - Kommunale bygg og idrettsanlegg